



# NYTT UNDER STOREN 1-20

## Internavis for Luster kommune

### Gode medarbeidar.

Det kommunale årshjulet tilseier no sommarferie. Våren har vore heilt spesiell. For mange vil og sommarferien bli spesiell til dømes ved at utanlandsturen går i vasken grunna Korona-restriksjonane. Det viktigaste er gjerne likevel å få eit avbrekk frå arbeidskvardagen og gjere noko anna. Det ligg det godt til rette for både lokalt og nasjonalt. Så god ferie.

Mange kommunale tenester må vere på plass også gjennom sommaren og sjølv om bemanning og vikarsituasjonen er krevjande, også noko relatert til Korona, så ser og dette ut til å løysa seg på ein god måte dette året.

Administrativt er det mykje rapportering og byråkrati, men det må me ta med. Grunna den spesielle våren er me og på etterskot med ein del plan- og budsjettarbeid så noko av dette må og vere med inn i sommarferien for nokre av oss. Halvårsrapport og budsjettføresetnader skal klargjerast for både det administrative og politiske arbeidet som startar på igjen i august. Her må rådmannen i etterpåklokskapen sitt teikn innrømme at me var vel optimistiske hausten 2019. Det skal godt gjerast å innfri inntektsføresetnadane me har lagt til grunn i åra framover. Med dei svingingar me har i vår økonomi så er ein del usikkert og det er krevjande å skape forståing for kva årleg driftsnivå kommuneøkonomien er i stand til forsvare framover. Me lurar litt på det, truleg ligg me litt for høgt, og må ha fortsatt fokus på pengebruken. Utfordringa vert å jobbe smartare, digitalisere, søke innovasjon, utvikle inntekter og ev vurdere å ta strukturelle gevinstar. Dette vil møte oss i økonomi- og budsjettarbeidet framover.



Jarle Skarv  
Rådmann

### Omskiftelege tider

I 2019 gjekk mykje rette vegen i Luster kommune. Sjølv om folketalsauken stoppa opp så var det mykje positivt i nærings- og samfunnsutvikling. Kommunerekneskapen, som opptek rådmann litt ekstra, synte eit netto driftsresultat på 28,5 million kroner. Det er 5% av driftsinntektene og gjerne det beste resultatet som me har ført på papiret. Det som skapte den gode butikken var kraftinntektene, gevinst på aksjefonda, gode skatteinntekter og gunstig pensjonsavrekning.

I den kommunale drifta så brukte me om lag dei budsjetterte midlane som planlagt. Me fekk gjennomført mykje godt den planlagde aktiviteten – det vart gjort mykje godt arbeid og i ein utførleg årsrapport, som de finn på nettet, er dette dokumentert og rådmann takkar og har takka for vel utført arbeid.

No vart det likevel slik at me knapt fekk tid til å fordøye dette før situasjonen vart ein heilt annan. Med eit kommunalt utgangspunkt så kan dette omtalast som at både straumprisen og børsen kollapsa, og som ikkje det var nok, så kom Korona.

At 2020 gir oss ein knekk, både økonomisk og på anna vis, er openbart. Kraftinntektene er viktige for Luster og nokså avgjerande for tenestestrukturane i kommunen og kommunen sitt engasjement i nærings- og samfunnsutvikling. Når det gjeld sal av konsesjonskraft så vert truleg 2020 eit år heilt utan gevinst, me sel no kraft med relativt store tap. Samla, både kraft og aksjar, så er no prognosane at me for 2020 vil mangla så mykje som 20 million kroner for å nå budsjettmålet.

Kommunen har takla Korona-situasjonen på ein god måte, lustringane har vore lojale, har stilt opp i høve restriksjonar og konstruktivt akseptert reduserte tenestetilbod. Tilsette i kommunen har stilt opp og gjort ein framifrå jobb.

Dessverre så er det ikkje til å unngå negative konsekvensar, alt frå besøksforbod/restriksjonar, utsetjingar, avlysingar og utfordringar for det lokale næringslivet. Samtidig har situasjonen vore ein vekkar i høve smittevernarbeid. Utvikling og bruk av det digitale har synt løysingar av oppgåver som gir og vil gi gevinstar på sikt. Det verste no er gjerne uvissa, me kan ikkje ta for gitt at situasjonen er avklart. Me må heile tida ha beredskap for at me kan få ei smitteoppblomstring lokalt.

Staten har sett i verk mange kompensasjons-ordningar og nokre vil og hjelpe lokalt næringsliv og kommunen. Kor mykje me får kompensert er eit ope spørsmål, men me må bu oss på at her vert ein større eigendel på kommunen også økonomisk.

# PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette), perioden 01.01.2020 - 10.08.2020

## Velkomen!

### Grandmo busenter

May Toriseth, vernepleiar  
Hans Peter Sims, miljøterapeut  
Karen Bremer Brynjulfsen, psykiatrisk sjukepleiar

### Økonomi:

Liv Janne Steig, rådgjevar  
Jan Inge Fredheim, rådgjevar

### Sørvistorget

Marit Kvalen, fagleiar arkiv  
Ingrid Haukadal,  
informasjonsmedarbeidar

### Helse

Jonny Gjerde, erfaringskonsulent  
Stine Rebni Bjørk, fysioterapeut

### Plan

Birgitte Eitrem Landmark,  
byggjesakshandsamar/arealplanleggar  
Oliver Bjørndal, kommuneplanleggar  
Sofie Klemetzen, verdsarvkoordinator

### Folkehelse

Marte Kvisterø Krogstadmo,  
prosjektmedarbeidar

### Gaupne barnehage

Karoline Barstad, barnehagelærer

### Eigedom

Audun Torvaldsen, ingeniør

### Oppmåling

Ole Morten Mjelstad, oppmålingsingeniør

### Luster omsorgssenter

Hege Hagen, sjukepleiar  
Olaug Høyheim, assistent  
Karen Kristine Fjøsne, assistent  
Larissa Gudmundson, assistent  
Nancy Risøy, heimhjelp/reinhaldar  
Kristine Nygård, sjukepleiar  
Iize Suharzevska Seile, sjukepleiar

### Gaupne omsorgssenter

Heidi Walaker Fortun, sjukepleiar  
Beate Solstrand, heimhjelp  
Andrea Urdal Cirotzki

### Hafslo omsorgssenter

Camilla Therese Leirdal,  
helsefagarbeidar

### NAV Luster

Dorthe Sørheim Evjestad, rådgjevar

### Teknisk drift

Kim Næss, fagarbeidar/driftsoperatør  
Inger Johanne Yttri, konsulent park  
og grønt

### Skjolden oppvekstsenter

Linn Fuhr, assistent  
Marita Josvanger Elvagjeng  
Marie Alme, lærar

### Luster ungdomsskule

Johanne Grov, lærar  
Hilde Haukås Eide, lærar

### Jostedal oppvekstsenter

Ragnhild Elin Talle, lærar

### Gamlestova barnehage

Hildegunn Heggstad, assistent  
Cathrine Nese, fagarbeidar

### Hafslo barnehage

Hege Jeanett Drevdal Tverberg,  
fagarbeidar

### Hafslo barne og ungdomsskule

Martin Heddan Kortner, lærar  
Kathrine Henden Nondal, lærar  
Marta Hatlevoll, lærar  
Norill Therese Norheim, lærar

### Solvorn oppvekstsenter

Elise Hieke Margaretha Schrama,  
lærar

## Takk for innsatsen!

### Grandmo busenter

Merete Marvik, leiar  
Nina Cathrin Rognehaug Solvi, vernepleiar

### Økonomi

Aud Åse Grønbech, konsulent  
Berit Tandle Kroken, rådgjevar

### Eigedom

Alexander Tveit Beheim,  
oppmålingsingeniør

### Luster omsorgssenter

Petra Johanna Nyløy, assistent  
Gerd Heltne, hjelpepleiar  
Ingrunn Bolsad, omsorgsarbeidar  
Ann Helen Natvik, sjukepleiar

### Hafslo omsorgssenter

Elene Beheim, hjelpepleiar

### Gaupne omsorgssenter

Kari Bjørg Tandle, aktivtør  
Mary Aasen, heimhjelp  
Tove Øygunn Molland, sjukepleiar  
Nelly Torunn Øygaard, hjelpepleiar

### Sentralkjøkkenet

Jo Ketil Hamrum, kokk

### Helse

Kari Ødegård, ergoterapeut

### Hafslo barne- og ungdomsskule

Laila Norheim, assistent  
Guri England, lærar

### Gaupne skule

Marie Stølen Ørbeck

### Hafslo barnehage

Gry Melheim, assistent

### Gaupne barnehage

Kirsten Snøtun Tuften, barnehagelærer  
Marit Oline Sandvik, fagarbeidar

### Gamlestova barnehage

Liv Engesæter, assistent  
Grete Henny Kalhagen, assistent

### Luster ungdomsskule

Atle Kaare Thomassen, lærar  
Gunn Beate Thorsnes Lefdal, lærar

### Indre Hafslo oppvekstsenter

Katrine Dyrdal, lærar

## Felles informasjonsmøte med dei hovudtillitsvalte og Arbeidsmiljøutvalet 17.06.20.

### Tema var:


- Korona
- Budsjett og økonomi
- Organisasjonsutvikling – status og vidare arbeid
- Heiltid og rekruttering i omsorgstenesta
- Seniorpolitiske tiltak
- Lønsoppgjær 2020
- Bruken av mellombelse stillingar
- Lærlingar.

*Oppsummering frå møte blir lagt i LKK. Ta kontakt med din hovudtillitsvalte eller plasstillitsvalte om det er noko du vil høyre meir om.*

# KOMPETANSE / REKRUTTERING

# KVALITETSARBEID

# ORGANISASJONSUTVIKLING



## Heiltidskultur og rekruttering i omsorgstenesta.

I budsjettet for 2019 sette kommunestyret ned ei arbeidsgruppe organisert etter modellen for trepartssamarbeid. Målet var og å lage eit betre system for å sikre heile stillingar samt betre arbeidstidsorganiseringa og rekrutteringa i omsorgstenesta.

### **Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 18.06.20:**

1. Omsorgstenesta skal vidareføre og intensivere arbeidet mot ein heiltidskultur. God kunnskap og god forankring hjå leiarar, tillitsvalde og tilsette er ein føresetnad for å lukkast. Kommunestyret ber om at det vert lagt vekt på følgjande i det vidare arbeidet:
  - a. Felles forståing av omgrepet og konseptet heiltidskultur.
  - b. Finne måleindikatorar som syner i kva grad ein har ein heiltidskultur.
  - c. Følgje opp dei sentrale partane si heiltidserklæring.
  - d. Vidareutvikle årsturnusen som eit reiskap for å fremje heiltidskultur.
  - e. Etablere fleksible system som kan møte ulike behov og ulike driftssituasjonar.
  - f. Gjennomføre årleg evaluering av arbeidet og rapportere i årsrapporten.
2. Ei arbeidstidsorganisering som gjev mange små helgestillingar og mange ledige vakter på helg er ei stor utfordring for drifta, og gjer det vanskeleg å nå mål om heiltidskultur. Kommunestyret ber difor om at arbeidet med utprøving av nye arbeidstidsordningar som fremjar heiltid vert vidareført.
3. Rekruttering av helsepersonell er avgjerande for å oppretthalde eit godt tenestetilbod. Den største utfordringa er rekruttering av sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. For å sikre rekruttering av desse to yrkesgruppene er følgjande tiltak særleg aktuelle:
  - a. Tilbod om etter- og vidareutdanning for eigne tilsette
  - b. Utdanningsstipend til sjukepleiarstudentar.
4. Arbeidsgruppa som jobbar med heiltidskultur i Luster held fram arbeidet ut 2021.

## Oliver Bjørndal - ny kommuneplanleggjar

Oliver Bjørndal, 27, byrja som kommuneplanleggjar på rådhuset medio mars.

Han kjem frå Lønborg i Bergen, og har teke heile utdanninga i Sogndal; først Bachelor i Fornybar Energi, og så master i Climate Change Management.

Han har tidlegare vore prosessoperatør på Norsun i Årdal, naturveglear i klimaparken på Juvflye og butikkmedarbeidar på Norsk fjellsenter i Lom.

No jobbar han med det overordna planleggingsarbeidet i kommunen.

Hovuddelen av arbeidet framover vil dreie seg om å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel.

*Har du innspel til kommuneplanen?  
Ta kontakt med Oliver på e-post [Oliver.Bjorndal@luster.kommune.no](mailto:Oliver.Bjorndal@luster.kommune.no) eller tlf. 57 68 55 18.*



## Ny kartlegging av fast deltidstilsette som ynskjer auka stilling:

I september/oktober vil det på ny bli mogleg for fast deltidstilsette å registrere seg om dei ynskjer auka stilling.

Kartlegginga blir brukt i arbeidet med årsturnus og ved tilsetjingar.

Følg med på din kommunale epost og på oppslag på arbeidsplassen din!



# KORONA

Korona viruset har påverka alle tilsette med konkrete tiltak og nye og skjerpa rutinar på alle einingar for å redusere og hindre spreing av smitte.

Det har vore jamlege beredskapsmøte sidan 12 mars. Informasjon for tilsette og innbyggjarar blir lagt ut på kommunen si heimeside. Tenestemråda helse, omsorg og oppvekst har i tillegg hatt eigne informasjonstiltak.

## Faren er ikkje over!

Det har vore svært få smittetilfelle i Luster – og slik håpar me det held fram. Reinhold, handvask, spriting, avstand og smitteverntiltak har vore og er viktige stikkord også framover. Me er avhengige av at einingsleiarar og den enkelte tilsette

tek ansvar, held seg informert og føl dei smittevernreglane og tiltaka som til ei kvar tid gjeld.

Det gjeld liv og helse for dei me skal yte tenester til, innbyggjarane i Luster og alle tilsette.

## Arbeidsmiljøutvalet oppsummerte om korona så langt i møte 17.06.20:

Arbeidsmiljøutvalet er oppteken av at det blir godt informert om gjeldande smittevernreglar til dei tilsette og at smittevernreglane blir følt opp - slik at tenestene som blir gitt er trygge og at tryggleiken for tilsette blir ivaretatt. Arbeidsmiljøutvalet ynskjer jamleg informasjon om situasjonen.

## Arbeidsmiljøutvalet:

Arbeidstakersida har leiarvervet i tida 2020-21 og Svein Tore Heltne er leiar.

Dei andre medlemmane er:

Grete Ulviksbakken, Svein Bjarne Steig, Jarle Skartun, John Olaf Røhme og Olaug Marie Bjelde. Stamina/bedriftshelsetenesta møter jamleg.

Arbeidsmiljøutvalet har hatt tre møter så langt i 2020. Økonomi og budsjett, sjukefråvær, treningstilbod for tilsette, heiltid og rekruttering generelt og i omsorgssektoren, vidare dispensasjon for drift av mellombels barnehageavdeling i gymsalbygget ved Luster ungdomsskule, kommunikasjon, telefoni og digitale løysingar med meir har vore på saklista.

Korona situasjonen med lokal status, tiltak og beredskap har vore informert om og drøfta i begge møta etter 12. mars. Arbeidsmiljøutvalet er opptekne av at tilsette får god informasjon. Møteprotokollane blir lagt ut i LKK og på kommunen si heimeside/møtekalendar. Einingsleiarane får i tillegg tilsendt både innkalling/saklista og informasjon om når møteprotokollane er klare – slik at dei kan informere sine tilsette.



Svein Tore Heltne  
Ny leiar i Arbeidsmiljøutvalet

## Årshjulstiltak 2020



### Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Leiardialogen
- Kvartalsrapport 1
- Medarbeidarsamtalar

### Komande tiltak:

- Vernerunde
- Halvårsrapport
- Introduksjonsseminar
- Kvartalsrapport 2
- Budsjett, planprogram, økonomiplan
- Rekneskap (des)
- Årsrapport (2020)

## Bedriftstrening for tilsette:

### Treningane både på Luster Trening og YX Hafslø måtte avsluttast på grunn av korona.

Me tek sikte på oppstart igjen etter haustferien, men må følgje dei tilrådingar og vedtak som ev. kjem. Det vil kome ny informasjon før haustferien.

## Vernerundar 2020:

Mange einingar har alt gjennomført årets vernerunde. Det er einingsleiarane som har ansvar for å gjennomføre vernerunde – i samarbeid med verneombodet.

Hugs dokumentasjon i LKK og rapportering i Framsikt (Verksemdplan) Både einingsleiarane og verneomboda kan ta kontakt med hovudverneombodet om ein treng hjelp til gjennomføring/dokumentasjon av vernerundane.

## Sjukefråvær første kvartal 2020 - og etter utbrot av korona:

Samla sjukefråvær første kvartal 2020 er 7,3% - ein liten nedgang frå første kvartal 2019.

Sjukefråværet i tida mars – mai 2020/etter koronautbrotet er 6,5%. Dette er ein tydeleg nedgang frå same periode i 2019.

Sjukefråvær ved bruk av eigenmelding etter koronautbrotet har ikkje auka samanlikna med same periode i 2019. Dette syner kansje at smitteverntiltaka med hånhygiene og avstand har effekt også for andre helseplager – og at me har tilsette som føl opp smitteverntiltaka og strekker oss litt ekstra i ei krevjande tid.

### Sjukefråvær i Luster kommune

